

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Perdy Hesjevoll
Arkivsaksnr.: 21/47-8

Arkiv: 223 C

Tilskot til kulturføremål 2021 - friluftslivstiltak

Rådmannen si tilråding:

Luster kommune løyver tilskot til friluftstiltak slik:

Sogn og Fj. Turlag, turprogram	kr 5 000
IL Fanaråk, løypekøyning i Tutagrøområdet	kr 4 000
Jostedal bygdelag, brøyting veg til Vanndalen	kr 20 000
Jostedal nutleikarlag, digital registreringsløyning for stølsturar	kr 16 000
Veitastrond IL, løypekøyning	kr 12 000
Gaupne bygdalag, tilskot til kjøp av reiskaper til stirydding	kr 4 000
Sognefjellet sommarskiser, avslag.	

Budsjettpost 14710 108 38002 (aktivitetstilskot)

Rapporteringsfrist er 1. mars 2022. Tilskot som det ikkje er gjort krav på innan fristen, eller søkt om utsett rapporteringsfrist for, blir inntrekt.

Eventuelle søknader som kjem inn seinare i 2021, blir handsama av rådmannen, etter delegert fullmakt.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Reglement for tilskot til kulturføremål 2019 - 2022

Uprenta vedlegg: Søknader

Samandrag:

Det er komme inn 7 søknader om tilskot til friluftstiltak innan fristen 1. mars.

Utval som har vedtaksmynde: Plan- og forvaltningsutvalet. Søknader seinare på året blir tildelt administrativt, om budsjettsituasjonen tillet det.

Fakta:

Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2032 og handlingsplanen for «Meir fysisk aktivitet 2020 - » er innretta mot tilrettelegging, tilgang til aktuelle område og kunnskapsformidling.

Budsjettramme for tilskot 2021 for drift/vedlikehald av idrettsanlegg og tilskot til friluftstiltak er på kr 516 000. Reglement for tilskot til kulturføremål kap.7, pkt. b omhandlar tilskot til friluftstiltak.

Det kommunale tilskotet er avgrensa oppover til kr 30 000 og tilskot vert gjeve etter 1/3-dels regelen.

Søknad	Budsjett	Søknadssum, Vurdering og Tilråding
Sogn og Fj. Turlag søker om tilskot til trykking av turprogram 2021. Fekk løyving på kr 5 000 i 2020, som er utbetalt.	Trykking og porto Kr 300 000	Søker tilskot kr 7 000 Tilråding om kr 5 000
IL Fanaråk søker tilskot om løypekøyring i Turtagrømrådet. Fekk løyving på kr 4 000 i 2020 som er utbetalt.	Budsjett diesel kr 4 000 Finansiering: tilskot frå Luster kommune.	Søker tilskot kr 4 000 Tilråding om kr 4000
Jostedal bygdelag søker om tilskot til brøyting av Vanndalsvegen. Dette lettar tilgangen til fleire skiturar i fjellet. Søkar fekk tilskot på kr 16 000 i 2020 som er utbetalt.	Budsjett brøyting kr 96 250 Finansiering: Bompengar og årskort: kr 62 844 tilskot frå Luster kommune kr 30 000	Søker om tilskot kr 30 000 Tilråding om kr 20 000
Jostedalen Nutleikarlag søker om tilskot til digital registreringsløysing for stølsturar som virkar offline.	Budsjett: Utvikling av app/nettstad kr 60 000, årlege drifts-utgifter av nettstad kr 5 000 Finansiering: Dugnad kr 15 000 Luster sparebank kr 15 000	Søker om tilskot kr 25 000 Tilråding om kr 16 000

	(har søkt), Basar kr 10 000	
Veitastrom IL søker om tilskot til løypekøyning i lysløype og i dalane innover mot Tungestølen. Fekk tilskot på kr 12 000 i 2020 og summen er utbetalt.	Budsjett leige av scooter Kr 30 000 Finansiering: Eigne midlar kr 15 000 Tilskot frå Luster kommune kr 15 000	Søker om tilskot kr 15 000 Tilråding om kr 12 000
Gaupne bygdalag søker om tilskot til div. reiskaper til rydding og merking av sti.	Faktura kr 11 898 Finansiering: Medlemskontingent og søkt om gåvetildeling Luster sparebank.	Søker om tilskot kr 12 000 Tilråding om kr 4 000
Sognefjellet Sommarskisenter – påskeløype på Sognefjellet	Har ikkje levert inn elektronisk søknadsskjema og finansieringsplan.	Tilråding om kr 0

Vurdering:

Søknadane er handsama med grunnlag i kommunestyret sitt vedtak om «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2032 og handlingsplan for «Meir fysisk aktivitet 2020 –«. Handlingsplanen prioriterer i mindre grad løypekøyning, men er meir konkret innretta mot tilrettelegging, tilgang til aktuelle område og kunnskapsformidling.

Dato: 26.03.21

Jarle Skartun
rådmann

Erling Bjørnetun
kultursjef

Særutskrift skal sendast:
søklarane